



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
07.10.2015
Dykkar dato
11.09.2015

Vår referanse
2015/11895 421.3
Dykkar referanse
15/2269

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 126 bnr 2 og 4 - Hope – uttale til planering for framtidig jordbruksareal

Vi viser til oversending frå kommunen dagsett 11.09.2015 med høyringsfrist 09.10.15, dykkar referanse 15/2269.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for jordtipp, planering for framtidig jordbruksareal. Det omsøkte området er på 70 daa og ligg på Hope i Lindås kommune. Ut i frå masserapporten som er lagt ved er det snakk om 490 120,25 m³ masser. Søknaden gjeld mottak av reine jordmassar, i stor grad myrjord, frå område avsett til næring på Mongstad-Storemyra.

Det er kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad 2010-2022 som gjeld for området, og arealføremålet er LNF. I nordaustleg hjørne av det omsøkte området er det lagt inn omsynssone friluftsliv.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til tiltak som vil verke positivt på framtidig landbruksdrift. Det er positivt at ein unngår køyring på offentleg veg med massane.

Denne saka gjeld eit stort område og store mengder massar. Det er difor ei lang rekke omsyn som må vurderast, og vi meiner at det må lagast ein reguleringsplan for tiltaket, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 12-1 tredje ledd. Ein reguleringsplan kan i større grad opplyse saka og sikre tilstrekkeleg god medverknad frå offentlege instansar, nabobar og andre partar. Med berre å sende nabovarsel er ein ikkje sikker på å nå alle aktuelle partar i saka. I ein reguleringsplan kan ein på ein betre måte sikre miljøomsyn som ein blir kjend med i planprosessen, som til dømes oppleving av støy og støvproblematikk, avdekke og sikre mot mogelege konsekvensar av avrenning frå jordmassane og få fram lokal, røysnslebasert kunnskap om naturmangfaldet. Vidare vil ein planprosess føre med seg ei meir systematisk tilnærming til eventuell risiko- og sårbarheit i tiltaket.

Delar av tiltaket ligg i omsynssone friluftsliv i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Det er viktig at verknaden på friluftslivet blir kartlagt. Det er også viktig å sjå på korleis friluftsinteressene skal ivaretakast i anleggsperioden. Det må setjast klare vilkår og fristar for kor lang tid ein kan nytte for å ferdigstille tiltaket, og kva som blir konsekvensen dersom fristen ikkje kan haldast.

Fylkesmannen rår frå at det vert gjeve dispensasjon til tiltaket, og rår kommunen til å krevje at det vert utarbeidd reguleringsplan.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2, fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.